

Å du som mettar liten fugl,  
velsign vår mat å Gud.  
For helse, glede, dagleg brød,  
vi takkar deg å Gud.

## Om trusopplæringa

Eittårsfeiringa er eit av tilboda i Ulstein sokn si trusopplæring. Vi har ein trusopplæringsplan frå dåp til 18 år og vår visjon er å vere «saman på ferda».

Vi ønsker å stå saman med dykk i oppdraget om å la barnet dykkar få leve og vekse i den kristne trua.

Vi legg vekt på å lage gode arrangement, der barna føler seg sett og trygge. Kontakt oss gjerne om de lurar på noko, eller om det er noko de tenker det er greitt at vi veit om. Når vi veit, kan vi legge til rette for barnet ditt, så opplevinga blir god.



STØRST AV ALT

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)



ULSTEIN KYRKJE

*Saman på ferda*

## Ulstein nye kyrkje

Det er så mange aktivitetar som skjer i kyrkjelyden og så mange medlemmar i Ulstein sokn at kyrkja vår har blitt for lita. Difor skal vi bygge ei ny kyrkje som vi skal bruke saman med den gamle.

For å få det til treng vi mange som blir kyrkjebyggarar og gir pengar til å reise Ulstein nye kyrkje etter eit utkast frå arkitektfirmaet Snøhetta.

Les meir om Ulstein nye kyrkje på  
[www.ulsteinnyekyrkje.no](http://www.ulsteinnyekyrkje.no)



DEN NORSKE KYRKJA



ULSTEIN KYRKJE

*Saman på ferda*

## TRUSOPPLÆRING

/1 år/




*Velkomen til eittårsfeiring!*



ULSTEIN KYRKJE

*Saman på ferda*



Utsnitt av den fine matbrikka vår:-)



## Til de som har ein eittåring.

Hei!

I år er det fyrste året vi deler ut matbrikke til alle som blir 1 år i 2018. Vi delar inn slik at dei som er fødd 01.01.2017-30.06.17, er hjarteleg velkomen til ei samling i juni, og dei som er fødd hausten 2017, får ein invitasjon i september. Ta gjerne kontakt om det er noke du lurar på.

Helsing  
Beate Mjøen Berg og Wendi Stråbø



Vi inviterer til ei kjekk lita songstund, utdeling av matbrikke og vi har ei felles lunsjstund i lag. Alt er på Fredheim, Kyrkjegt.12

Laurdag 2. juni 2018

Dei som er fødd: 01.01.17-15.03.17 kl 10.30  
(avsluttar med lunsj)

Dei som er fødd: 16.03.17-30.06.17 kl 12.00  
(Startar med lunsj)

### Kontaktinformasjon:

Wendi Stråbø (trusopplærar)

Telefon: 95764607

E-post: ws344@kyrkja.no

Påmelding:

På heimesida/trusopplæring, [www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no)  
Kyrjekontoret/Sjøgata 61/6065 Ulsteinvik/Tlf. 70017680

Følg oss på [www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no)  
og på Facebook: Ulstein kyrkje

- for dekking av utgifter, sett vi stor pris på om du har høve til å betale kr 50.- pr. barn på vipps. Merk med 1 år, og barnets namn. Vipps 80743. Eller betal kontant når det kjem.